

BLI LYTTEVENN!



Betre lesing og kontakt mellom generasjonar

Likar du å lese, vere saman med barn og har tid til overs?

- Som lyttevenn kan du hjelpe barn til å bli glade lesarar.

LYTTEVENN

er et prosjekt der vaksne med ledig tid på dagen kjem til skulens 3.trinn ein dag i veka for å lytte medan elevane les høgt. Lyttevennene kjem til den same elevgruppa sju veker på hausten og sju veker på våren. Ved å lytte til eleven sin høgtlesing 10-15 minutt kvar veke er du med på å gi leselyst og auke forståing av samanheng, vanskelege ord og uttrykk. Du skal ikkje vere ein lærar, men ein vaksen som eleven kan lese saman med.

Skulen har ansvar for opplæringa og elevane har med seg bøkane dei skal lese til Lyttevennen. Gjennom LYTTEVENN blir det skapt gode relasjonar mellom generasjonane som alle set pris på.

Kven kan bli lyttevenn?

Alle som har ledig dagtid og liker å vere samen med barn kan bli lyttevenn. Om du liker å lese er det ein fin måte å dele leseglede på. Det viktige er likevel å

lytte så eleven får lesetrening. Når du melder deg som lyttevenn får du hjelp til å hente politiattest som skulen oppbevarer. Alle lyttevenner signerer taushetserklæring.

Barn treng lesetrening, og ein vaksen person med livserfaring og kunnskap om mykje er god å ha når eleven les boka. Lyttevennen får inga løn, men betaling i form av å bli satt pris på, både av skulen og av borna, og dei skal ikkje erstatte fagpersonar.

Vil du bli lyttevenn?

Vi organiserer Lyttevenn på Tveit skule og Kyrkjebygda Oppvekstsenter.

Vil du bli Lyttevenn ta kontakt med Lyttevennkoordinator ved Nissedal Folkebibliotek; Kristin Vågen 40920832.

Skulens kontaktperson; Linda Solberg og Even Holskar

Infomøte på biblioteket mandag 22.august kl 10, velkommen om du vil vite meir.

Eit samarbeid mellom Nissedal pensjonistlag, Nissedal Frivilligsentral, Kyrkjebygda oppvekstsenter, Tveit skule og Nissedal folkebibliotek